

Liten lyngbrann raskt sløkt

22.04.2011

**At det er tørt i skog og mark fekk nokre turfolk erfare som i ettermiddag ved 18-tida
tente bål ved parkeringsplassen ved den indre enden av Fjellandsbøvatnet.
Dei mista herredømmet over elden, som sprang over bekken i området.**

Branntroppen i Uskedalen vart tilkalt og på Friheim
fekk dei som var på staden tak i
bøtter som kunne nyttast i sløkkinga.

Det vart gjort ein rask og god
innsats og då branntroppen kom var det nærmast
berre ettersløkking som måtte til.
Lyngbrannen begrensa seg dermed til eit halvt mål. Det heile var
over etter ein halv times tid.

Men moralen er klar: Vær varsam med eld i skog og mark!

Av Ola Matti Mathisen